



Til

Kunnskapsdepartementet

28.01.2022

HØYRINGSUTTALE : FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I FRISKULELOVA

Landslaget for nærmiljøskolen (LUF S) arbeider for å hjelpe og styrkje nærmiljøskulane i alle delar av landet. LUF S er partipolitisk nøytral.

LUF S vil hevde at departementet sitt høyringsutkast har grunnleggjande manglar. Det må derfor omarbeidast.

- **Forvaltinga forsømer å ta opp grunnleggjande tema, som gjennom lang tid har venta på sine svar. Vi syner særleg til**
 - **Samrøystes vedtak i stortinget, juni 2000 (sjå nedanfor)**
 - **Usvara merknader reiste i tidlegare høyringsrundar**

Departementet sitt framlegg til endringar i friskulelova, inneber derfor grove brot på departementet si utgreiingsplikt – og på prinsippa om god forvaltningsskikk. Embetsverket skal etter forvaltingslova

- **upartisk kartleggje kva tema som er relevante**
- **greie ut alle sider av desse**
- **vurdere mogelege alternativ**
- **presentere løysingar og konklusjonar**

Staten har det overordna ansvaret for at alle born i Noreg får grunnskuleopplæring i tråd med internasjonale avtaler, norske lover og føresegner.

I 2006 lista Kunnskapsdepartementet kort opp Noreg sine plikter i høve til folkeretten (Høyringsdokumenta) – nedfelt i nasjonalt og internasjonalt regelverk.

LUF S merkjer seg særleg at

- omsynet til barnets beste skal vere grunnleggjande ved alle avgjerder
- born har rett til utdanning
- skular si verksemd skal vere ikkje-diskriminerande
- like skular skal handsamast likt
- staten skal stille klåre krav – og handheve desse – slik at dei folkerettslege pliktene vert etterlevde

LUF S legg til grunn at prinsipielle spørsmål som dette, pliktar embetsverket å handsame på ein uhilda måte.

Slike spørsmål skal ikkje kunne reduserast til parti-politisk symbolpolitikk, med stadige endringar om kva lova skal heite- eller tautrekking om pedagogiske motar eller skuletrendar.

Likevel er det nett dette departementet har gjort – og gjer. For Kunnskapsdepartementet styrer unna kanskje det viktigaste spørsmålet i norsk skuleforvaltning:

Krenking av barnet sin rett til skule i sitt eige nærmiljø. Overgrepet skjer mot mange tusen born kvart einaste år, gjennom praktiseringa av Opplæringslova.

Det største trugsmålet mot born sine juridiske rettar, kjem i dag gjennom kommunane si nedlegging av nærmiljøskular.

- Eit sterkt aukande tal born er no utsette for diskriminering og tapte menneskerettar, grunna foreldra sin buplass.
- Det er ein uforløyst verkebyll i skule-forvaltninga. Likevel er spørsmålet ikkje nemnt i høyringsnotatet frå departementet.

I førearbeida til Opplæringslova (NOU 1995:18 "Ny lovgivning om opplæring") heiter det m.a.:

- *"Det er etter utvalgets oppfatning viktig å gi barna anledning til å skape eller fastholde holdepunkter i nærmiljøet. Et slikt holdepunkt er skolen. Det er derfor viktig at barna har rett til å gå på skole i det som er deres naturlige nærmiljø. I mange tilfeller vil dette også kunne bidra til å sikre barna en tryggere skolevei."* (vår understreking)

Til dags dato har embetsverket i departementet late vere å greie ut dette sentrale poenget. Dei har stillteiane gjeve fylkesmenn/statsforvaltarar ryggdekning for å la kommunane gjere som dei vil. Det syner den store mengda klagesaker.

Resultatet er 1700 nedlagde grunnskular. Den største skulereforma nokosinne. Aldri drøfta eller vedteke av nasjonale styresmakter.

Sjølv om kommunane frå 1986 overtok mykje av grunnskuledrifta, er det klårt at staten framleis er ansvarleg for at barnet sine menneskerettar vert ivaretekne. Anten gjennom Opplæringslova eller Privatskulelova/Friskulelova.

➤ **LUFS krev at**

Staten må no kome med tiltak gjennom Friskulelova - for å hindre at born kan bli diskriminerte på grunn av foreldra sin bustad.

- Det kan gjerast ved å opne friskule-lova for privat drift av grunnskular etter gjeldande, offentlege læreplan – om kommunane legg slike ned slike skular i born sitt nærmiljø.
- Eit slikt grep vil òg vere naudsynt, for å vere i forkant av mogelege folkerettslege konsekvensar, når vi no opplever vidtgåande strukturendringar i kommunane. Om ikkje, vil born i grisgrendte strok verkeleg kunne kome i klemme.

Med helsing

Dag Audun Eliassen
- leiar -

Torodd Fagerheim
- nestleiar -

BAKGRUNN

Noreg har skrive under FN-konvensjonane om Barnerettar og Menneskerettar. Som fylgje av det, lovfesta Stortinget retten til skule i eige nærmiljø (Opplæringslova §8-1). Då 6-åringane kom inn i skulen, blei det endå tydelegare at born må sikrast ein trygg og heimenær aksjonsradius og læringsarena.

Lov og førearbeid er ikkje til å mistyde. Å vite at ein høyrer til, er

- grunnleggjande om barnet skal kunne utvikle sunn identitet og røter
- ein føresetnad for gradvis å vekse til gagns menneske og samfunnsborgar
- vilkåret for at barnet skal kunne knyte sosiale band med dei ein lever i lag med i lokalsamfunnet - både i skule, heim og fritid
- basis for ekte læring og varig kunnskap

Skule i nærmiljøet er eit grunnleggjande velferdsgode: Knutepunktet der alle born i eit lokalsamfunn får opplæring i lag, same kva bakgrunn og evner dei har. Alle har rett på ein plass - ingen kan ekskluderast t.d. ved hjelp av eit opptaksreglement. Skulen er sjølv "limet" i lokalsamfunnet. Eit skjørt, historisk byggverk - som fordrar overordna styring på tvers av m.a. interesser, inntekt og geografi.

Opplæringslova §8 sikrar på papiret borna rett til skule i nærmiljøet. Det skal gje ein trygg og heime-nær skule, særleg for dei minste. Læreplanverket legg òg til grunn at viktige deler av undervisninga skal ta utgangspunkt i - og knytast opp mot lokalsamfunnet.

Endå om LUFSS er ein etter måten liten organisasjon, meiner vi å ha ei brei kontaktflate med born, foreldre og lokalsamfunn – særleg i Distrikts-Noreg.

Folk flest ynskjer helst ein offentleg skule. Derfor fører so mange lokalsamfunn årelang strid mot eigen kommune for å få halde på skule i nærmiljøet. Alle veit kva som står på spel. I regelen grip folk til friskuletanken berre som siste utveg. Dei kjenner seg pressa ut or offentleg skule.

Sanninga er sjølv sagt at det til vanleg går føre seg ein beinhard kamp – ofte mellom utkant og sentrum i kommunen. Utkanten – mindretalet - tapar meir eller mindre alltid.

Dette skulle ikkje vere ukjent for departementet.

Styresmaktene har stilleiande fylgt ei utvikling heilt frå 1986, som har teke frå born rett til dei har etter Opplæringslova §8-1.

Gong etter gong har Stortinget bede om tiltak.

- I juni 2000, påla ei samla nasjonalforsamling regjeringa å leggje fram ei sak der ein *"drøfter årsakene til og konsekvensene av skolenedleggelse."*

Det kviler eit tungt ansvar på embetsverket, som ikkje har lyft ein finger for å fylgje opp dette krystallklåre vedtaket frå Stortinget.

I St.prp.nr.1 (2001-2002) forkynner departementet at *"Departementet vil i løpet av 2002 legge fram ei sak om grendeskolar og skolenedlegging, jf. vedtak i stortinget nr. 560, 2000. Arbeidet vil bli sett i sammenheng med Regjeringa si satsing på småsamfunn, som er ei oppfølging av St.meld. nr. 34 (2000-2001) om distrikts- og regionalpolitikken"*.

Det kom aldri noko «sak om grendeskolar og skolenedlegging».

Å endre skulestrukturen, er noko av det mest dramatiske ein kommune kan gjere mot innbyggjarane sine.

- Uansett utfall, har vedtaka vidtrekkjande konsekvensar for born, foreldre, familie elles - og lokalsamfunn.

Dette er bakgrunnen for at Stortinget har gjeve eit nasjonalt regelverk for korleis slike skulesaker skal handsamast.

Kommunen fremjar ei sak som vil kunne gje omfattande endringar i

- born og foreldre sitt daglege liv og arbeid
- skiple grunnlaget for familiane sine langsiktige livs-planar og voner
- påføre dei private låneopptak i millionklassen for å byggje og bu – eventuelt flytte

LUFS har ved alle revisjonane argumentert for offentleg skule som hovudregel.

- **Men vi har understreka at skulenedlegging inneber at born i aukande grad blir diskriminerte på grunn av foreldra sin bustad.**
- **Born skal ikkje kunne tvingast ut av offentleg skule, om kommunen ikkje vil drive nærmiljø-skulen lenger.**
- **Lova må derfor opne for å kunne drive nedlagde skular vidare som private grendeskular, men etter offentleg læreplan.**

Tida er overmogen for at Kunnskapsdepartementet kjem med ei grundig utgreiing av desse og andre spørsmål, sett i høve til staten sine plikter jf. konvensjonane om menneskerettane.

Nærleik og tryggleik er avgjerande verdiar i oppveksten. Det er ein føresetnad for god fagleg og sosial læring. Born som blir fråtekne nærskulen, misser grunnmuren i læringa. Dei får dessutan

- lengre arbeidsdag
- redusert læringsutbyte
- lite opplæring i lokalsamfunnet
- dårlegare fysisk og psykisk helse
- mindre fritid
- skrantande samarbeid heim-skule

Slik undergrev sentraliseringa mange av dei kvalitetsmåla stortinget har vedteke.

Sidan 1986 er det lagt ned

- 1700 nærmiljø-skular
- klassar ved hundretals andre skular

Utviklinga er uforsvarleg – både pedagogisk, økonomisk og av samfunnsomsyn.

- staten betalar no storparten av skuleskyssen. Milliardar går slik til å subsidiere skulenedlegging indirekte
- pengane kunne ha finansiert minst ein ny skule i kvar einaste kommune
- kommunestyra trur – oftast med urett - at strukturendring gjev innsparingar
- sakene vert oftast handsama lovstridig

Departementet må no ta til fylgje utgreiingsplikta si, og ta opp desse for nasjonen so viktige spørsmåla i full breidde.

- Det er uverdig at nokre elevar kan gå eller sykle til skulen, medan born andre stader får timelange arbeidsreiser for å få grunnskuleopplæring.
- Nokre lokalsamfunn opplever aldri at skulen er trua. Dei får ro og fred til å utvikle gode oppvekstvilkår kring skulen sin. Andre får aldri fred.
- Om lag 100 lokalsamfunn brukar kvart år all si kraft i strid for ein lovfest rett.
- Om lag 50 av dei tapar.

Mange opplever dei stadig tilbakevendande strukturdebattane som terror mot eigne innbyggjarar.

Ikkje alle kommunar gjer det av pengemangel. Born og unge er ofte prioriterte lågt. Politiske vindar bles ulikt frå kommune til kommune. Reknestykka som dei folkevalde får sjå – lir av viktige manglar. LUFS registrerer at store kostnader ikkje kjem fram – eller må berast av andre. Men dei må betalast.

Privatskulelova/friskulelova gjev særrettar dei offentlege skulane ikkje har:

Privatskulane/friskulane er sikra

- godkjenning frå staten (ikkje tidsavgrensa)
- faste økonomiske rammer gjennom direkte tilskot frå staten, i tillegg til høvet til å ta inn foreldrepenget

Dei offentlege skulane har ikkje noko slikt lov-vern, snarare tvert om. Dei er no

- prisgjevne å måtte dele det som er att til skule på kommunebudsjettet
- kanskje nøydd til å slåst for eige "liv" ved kvar einaste budsjettdebatt

Og her er vi truleg ved kjernen i saka: Det som er føreseieleg - mot det som ikkje er råd å kalkulere med. Det trygge – mot det utrygge.

Skal departementet kome eit steg vidare – må ein gjere noko med slike grunnleggjande spørsmål. Ein kan ikkje berre ta bort det som er plagsamt utfordrande – ein må samstundes ta inn over seg at privatskulelova/friskulelova hadde element som la grunnlag for å skape trygge og føreseielege tilhøve i dei skulane som fekk løyve.

Departementet må greie ut korleis ein kan gjere det labile i dagens grunnskule om til det stabile.